

Læreplan i historie fellesfag

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019.
Eksamensordning fastsatt av Kunnskapsdepartementet 29.06.2020.

Gjeld frå 01.08.2021

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Historie er eit sentralt fag for kultur- og samfunnsforståing, danning og identitetsutvikling. Faget skal bidra til at elevane forstår seg sjølve og samfunnet og at strukturar, verdier og haldningar i samtida har røter i fortida. Gjennom faget skal elevane utvikle innsikt i sentrale historiske hendingar og samanhengar og kva handlingsrom folk hadde før i tida. Faget skal vidare bidra til at elevane blir aktive medborgarar som kan orientere seg, ta stilling til og sjå notidige utfordringar i ein historisk samheng. Erkjenning av at verda har vore annleis, og at samtida og framtida kan bli ei anna, er ein viktig føresetnad for aktiv samfunnsdeltaking. Gjennom faget skal elevane utvikle evne til kritisk tenking og vitskaplege tenkjemåtar som set dei i stand til å innhente kunnskap og til å forstå korleis kunnskap blir til, og korleis framstillingar av fortida blir brukte og misbrukte. Dette gir elevane kompetanse som førebur dei for deltaking i samfunns- og arbeidsliv.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Historie skal bidra til at elevane utviklar innsikt i norsk og samisk historie og kulturarv, og forståing for mangfald. Faget skal òg utvikle elevane sitt medvit om korleis mennesket har påverka natur og klima, organisert seg i samfunn og skapt og løyst konflikter. Gjennom faget skal elevane utvikle forståing av demokratiske verdier og menneskerettane. Elevane skal vidare utvikle forståing av verdier som likeverd, likestilling og etisk medvit gjennom historiemedvit, historisk empati og perspektivmangfald. Når elevane arbeider utforskande med historie og utviklar kjeldekritisk kompetanse, styrkjer det nysgjerrigheit, engasjementet og kritisk tenking.

Kjerneelement

Historiemedvit

Elevane skal forstå seg sjølve som historieskapte og historieskapande med ei fortid, notid og framtid. Elevane utviklar historiemedvit ved å arbeide utforskande med historie, opparbeide ein kjeldekritisk kompetanse og kunne sjå ulike perspektiv og samanhengar i faget. I tillegg må elevane kunne utvikle historisk empati, samstundes som dei tileignar seg historisk oversikt.

Utforskande historie og kjeldekritisk medvit

Elevane skal kunne undre seg over, reflektere over og vurdere korleis kunnskap om fortida blir til. Dei skal kunne uttrykkje nysgjerrigheita si og vere aktivt kunnskapssøkjande og -skapande ved sjølve å gjennomføre undersøkingar og forme forteljingar. Elevane skal kunne innhente, tolke og

bruke historisk materiale som kjelder i eigne historiefremstillingar. Kjeldekritisk medvit dreier seg om å kunne avgjere kva det historiske materialet kan brukast til, og i kva grad det kan kaste lys over dei spørsmåla vi stiller. Elevane skal forstå at mangelfulle kjelder kan gi mangelfulle kunnskapar.

Historisk empati, samanhengar og perspektiv

Elevane skal kunne vurdere samanhengar mellom handlingar, hendingar og fenomen i fortida og forstå at ulike ståstader påverkar korleis fortida blir forstått og framstilt. Dei skal kunne vurdere moglege årsaks- og verknadsforhold i fortida og kvifor system og fenomen forandrar seg eller er stabile. Elevane skal kunne forstå folks utfordringar og handlingar i fortida. Samstundes skal dei òg forstå at den historiske utviklinga ikkje var førebestemt, men eit resultat av val og prioriteringar folk gjorde.

Menneske og samfunn i fortid, notid og framtid

Elevane skal opparbeide seg innsikt i og oversikt over viktig historisk innhald og viktige tema og periodar i norsk og internasjonal historie gjennom arbeid med store spørsmål. Dei skal kunne sjå samanheng i historia og at utviklingstrekk grip inn i kvarandre. Elevane skal kunne sjå kva fortida betyr for dei sjølve i notid og framtid. Korleis har folk skaffa seg mat og livsgrunnlag og skapt og fordelt rikdom og ressursar? Korleis har folk organisert seg i samfunn? Korleis har folk kommunisert og møtt andre folk? Korleis har folk både skapt, levd med og løyst konflikter, men òg greidd å leve fredeleg?

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I historiefaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å gi elevane forståing av at dei er historieskapt og historieskapande. Dette skal bidra til at elevane kan forstå, påverke og meistre sitt eige liv. Elevane skal sjå at fortida og korleis ho blir framstilt, er med på å forme korleis folk og samfunn oppfattar seg sjølve og andre. Dette har betydning for utviklinga av ein trygg identitet. Innsikt i korleis folk har vore med på å skape historie, gir elevane forståing av at òg dei kan vere med på å forme samtida og framtida si. Ei slik forståing kan vere med på å gi mening til livet og motivere til gode verdival. Historiefaget handlar om korleis folk i fortida handterte livsvilkåra sine, og elevane skal utvikle historisk empati. Dette skal gi elevane eit grunnlag for å utvikle respekt for andre og for å ta ansvarlege livsval.

Demokrati og medborgarskap

I historiefaget handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å gi elevane forståing av opphavet til og utviklinga av demokratiet. Faget

gir òg elevane forståing av kva som gjer demokrati levedyktige. Elevane skal kunne sjå at demokratiet ikkje har vore og ikkje er ei sjølvfølgje, men ei følgje av val menneske har gjort, gjer og vil gjere i framtida. Gjennom historiefaget blir elevane trent til å sjå eit mangfald av perspektiv og til å forstå at folk har ulike prioriteringar, haldningar og verdiar i ulike kontekstar. Historiefaget bidreg dermed til å gjere elevane medvitne om kva moglegheiter dei har til å vere aktive medborgarar.

Berekraftig utvikling

I historiefaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å gi elevane forståing av samspelet mellom mennesket og naturen. Faget viser korleis menneske har stilt seg til naturen, forvalta og brukt ressursar. Historiefaget fortel òg om korleis menneskeleg aktivitet har endra livsvilkåra på jorda, samstundes som mennesket òg har hatt evne til å løyse problem som har oppstått. Historiemedvit gir elevane forståing av at konsekvensane av vala deira blir historie for andre. Dermed kan dei òg bli medvitne om sine egne moglegheiter til å bidra til eit meir berekraftig samfunn.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i historiefaget er å kunne framstille eit fagleg emne presist og sjølvstendig og å bruke faglege omgrep i eigen argumentasjon. Det inneber òg å lytte til, vurdere og gi respons på innspel frå andre i faglege samtalar. Det betyr å kunne reflektere over meiningsinnhald i tekstar, bilete og film, å innta ulike perspektiv og å kunne gjere greie for og samanlikne synspunkt i historisk materiale og litteratur.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i historiefaget er å kunne planleggje og utforme tekstar med eit fagspråk tilpassa formål og mottakar. Det betyr å kunne presentere eit fagleg emne presist og sjølvstendig og å kunne bruke faglege kunnskapar og omgrep i sjølvstendige refleksjonar om forhold i fortida. Å skrive er òg ein måte å utvikle og strukturere tankar på og ein metode for å lære i faget. Å kunne skrive inneber vidare å bruke ulike kjelder på ein etterretteleg måte.

Å kunne lese

Å kunne lese i historiefaget inneber å utforske, tolke og reflektere over innhaldet i historiefaglege tekstar. Det inneber òg å tolke historisk materiale av ulik art, av ulikt opphav og frå ulike periodar. Å lese handlar vidare om å reflektere over korleis verdiar, haldningar og ståstad påverkar framstillinga av fortida, og korleis denne framstillinga blir brukt.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i historiefaget inneber å kunne bruke digitale verktøy til å tileigne seg kunnskap og utvikle kompetanse i faget. Det inneber å søkje etter, vurdere og bruke informasjon kritisk og etterretteleg. Det inneber òg å bruke digitale kommunikasjons- og samarbeidsverktøy på ein kreativ og formålstenleg måte og samstundes vise digital dømmekraft.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg2

Kompetansemål etter vg2

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over korleis fortida formar oss som menneske
- utforske fortida ved å stille spørsmål og hente inn, tolke og bruke ulikt historisk materiale for å finne svar
- reflektere over kvifor historikarar deler inn fortida i periodar, og vurdere korleis vi kan periodisere fortida på grunnlag av ulike kriterium
- utforske og reflektere over korleis fortida minnest lokalt og nasjonalt
- gjere greie for viktige endringar i korleis folk har skaffa seg mat og brukt naturressursar, og vurdere kva dette har betydd for menneske og eit berekraftig samfunn
- presentere viktige demografiske endringar og vurdere årsaker til desse endringane og verknader av dei for menneske og samfunn
- gjere greie for korleis handel og økonomiske system har påverka maktforhold og livet til folk
- samanlikne korleis demokratiet i antikken og demokratiet i vår tid har gitt folk ulike moglegheiter til demokratisk deltaking
- utforske korleis kommunikasjon og kulturmøte har hatt betydning for folk i Noreg og verda
- vurdere endringar i fordeling og legitimering av makt frå mellomalderen til og med tidleg nytid
- beskrive kva religionen har betydd for samfunns- og maktforhold frå mellomalderen til og med vår tid, og vurdere rolla han har spelt i korleis menneske oppfattar seg sjølve og ser på andre

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane utviklar og viser kompetanse i historie på vg2 når dei bruker historiefaglege metodar i kombinasjon med kunnskapar om fortida, og når dei stiller spørsmål, gjennomfører undersøkingar og finn svar. Elevane utviklar og

viser vidare kompetanse i historiefaget når dei ser samanhengar i fortida og mellom fortid og notid, og når dei reflekterer over korleis konteksten folk levde i, påverka tenkjemåten og handlingsvala.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom munnlege, skriftlege og praktiske måtar å tileigne seg og vise kompetanse i faget på, og gjennom å la elevane få vere nysgjerrige og aktivt kunnskapssøkjande. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i historie. Elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i historie.

Kompetansemål og vurdering vg3

Kompetansemål og vurdering vg3

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over korleis fortolkingar av fortida er prega av notidsforståing og forventningar til framtida
- reflektere over korleis ulike aktørar bruker fortida, og drøfte formålet med denne historiebruken
- utforske fortida ved å formulere problemstillingar, finne, vurdere og bruke ulikt materiale og presentere eigne slutningar
- utforske ein historisk person og diskutere hans eller hennar tenking, handlingsrom og val i lys av samtida han eller ho levde i
- samanlikne ulike framstillingar av ei hending og reflektere over at historiske framstillingar er prega av ståstaden og konteksten til opphavspersonen
- drøfte i kva grad utviklinga i ulike periodar har vore prega av brot eller kontinuitet, og vurdere kva som gjer ei hending i fortida betydningsfull
- gjere greie for tankar og ideologiar som har lege til grunn for politiske omveltingar frå opplysningstida til i dag, og vurdere kva desse har betydd for folks moglegheiter til demokratisk deltaking
- reflektere over korleis teknologiske omveltingar frå den industrielle revolusjonen til i dag har endra folks liv og forma forventningar til framtida
- gjere greie for årsaker til at menneske har migrert, og diskutere kulturmøta sett frå ulike perspektiv
- gjere greie for årsaker til at kolonimakter la landområde under seg, og drøfte konsekvensar for menneske og samfunn i land og område som blei koloniserte
- drøfte bakgrunnen for verdskrigane og eit utval andre sentrale krigar eller konflikhtar og reflektere over om fredsslutningar har bidrege til å skape fred og forsoning

- utforske folks handlingsrom og valmoglegheiter i konfliktsituasjonar og vurdere konsekvensar av vala dei har gjort
- reflektere over korleis ideologiar og tankesett på 1900-talet og fram til i dag har bidrege til undertrykking, terror og folkemord som holocaust
- analysere korleis framstillingar av fortida har blitt brukte i Noreg for å skape nasjonal identitet, og drøfte kva verknader dette har hatt for ulike grupper
- utforske korleis folk har arbeidd for myndiggjering og frigjering i norsk og samisk historie, og gjere greie for korleis dei samstundes har bidrege til utviklinga av demokratiet
- gjere greie for velferdsutviklinga i Noreg på 1900-talet og drøfte konsekvensar for folks liv
- vurdere korleis mennesket har forhalde seg til naturen, forvalta og brukt ressursar, og bruke historiske perspektiv i samtale om berekraftige løysingar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane utviklar og viser kompetanse i historie på vg3 når dei bruker historiefaglege metodar og historiefagleg materiale for å finne svar, og når dei forstår folks utfordringar og handlingar i historiske kontekstar. Dei utviklar og viser òg kompetanse når dei formulerer faglege problemstillingar, og når dei finn og kritisk bruker historisk materiale i refleksjon og argumentasjon til å konstruere historieforteljingar. Elevane utviklar og viser vidare kompetanse når dei presenterer ulike perspektiv på fortidige hendingar, og når dei reflekterer over korleis framstillingar av fortida blir brukte, og korleis fortida bidreg til å prege dei sjølve som menneske.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom munnlege, skriftlege og praktiske måtar å tileigne seg og vise kompetanse i faget på, og gjennom å la elevane få vere nysgjerrige og aktivt kunnskapssøkjande. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i historie. Elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i historie.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i historie ved avslutninga av opplæringa etter vg3. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i historie basert på kompetansen eleven har vist når eleven har brukt kunnskapar og ferdigheiter i kombinasjon.

Kompetansemål og vurdering vg3 – påbygging til generell studiekompetanse

Kompetansemål og vurdering vg3 – påbygging til generell studiekompetanse

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over korleis fortida formar oss som menneske, og korleis våre fortolkingar av fortida er prega av notidsforståing og forventningar til framtida
- drøfte i kva grad utviklinga i ulike periodar har vore prega av brot eller kontinuitet, og vurdere kva som gjer ei hending i fortida betydningsfull
- reflektere over korleis fortida blir brukt i lokalmiljøet og av ulike aktørar, og drøfte formålet med denne historiebruken
- utforske fortida ved å formulere problemstillingar, finne, vurdere og bruke ulikt materiale og presentere eigne slutningar
- utforske ein historisk person og diskutere hans eller hennar tenking, handlingsrom og val i lys av samtida han eller ho levde i
- samanlikne ulike framstillingar av ei hending og reflektere over at historiske framstillingar er prega av ståstaden og konteksten til opphavspersonen
- gjere greie for viktige endringar i korleis folk har skaffa seg mat og brukt naturressursar, og vurdere betydninga av dette for menneske og eit berekraftig samfunn
- presentere viktige demografiske endringar og vurdere årsakene til desse endringane og verknader av dei for menneske og samfunn
- gjere greie for korleis handel og økonomiske system har påverka maktforhold og folks liv
- beskrive samfunnsendringar frå antikken til tidleg nytid og vurdere betydninga for fordeling og legitimering av makt og folks moglegheiter til demokratisk deltaking
- beskrive kva plass religionen har hatt i samfunnet frå mellomalderen til vår tid, og vurdere kva betydning han har hatt for korleis folk har oppfatta seg sjølve og andre
- gjere greie for tankar og ideologiar som har lege til grunn for politiske omveltingar frå opplysningstida til i dag, og vurdere kva dei har betydd for utviklinga av det moderne demokratiet
- reflektere over korleis teknologiske omveltingar frå den industrielle revolusjonen til i dag har endra folks liv og forma forventningar til framtida
- gjere greie for årsaker til at menneske har migrert, og diskutere kultur møta sett frå ulike perspektiv
- gjere greie for årsaker til at kolonimakter la under seg landområde, og vurdere kva konsekvensar dette fekk

- beskrive bakgrunnen for verdenskrigene og eit utval andre sentrale krigar eller konflikhtar på 1900-talet og reflektere over om fredsslutningane bidrog til å skape fred og forsoning
- utforske handlingsrommet og valmoglegheitene til ein person i ein konfliktsituasjon og vurdere konsekvensar av vala personen har gjort
- reflektere over korleis ideologiar og tankesett på 1900-talet og fram til i dag har bidrege til undertrykking, terror og folkemord som holocaust
- analysere korleis framstillingar av fortida har blitt brukte i Noreg for å skape nasjonal identitet, og drøfte kva verknader dette har hatt for ulike grupper
- utforske korleis folk har arbeidd for myndiggjering og frigjering i norsk og samisk historie, og gjere greie for korleis dei samstundes har bidrege til utviklinga av demokratiet
- gjere greie for velferdsutviklinga i Noreg på 1900-talet og drøfte konsekvensar for folks liv

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane utviklar og viser kompetanse i historie på vg3 påbygging til generell studiekompetanse når dei bruker historiefaglege metodar og historiefagleg materiale for å finne svar, og når dei forstår folks utfordringar og handlingar i historiske kontekstar. Dei utviklar og viser òg kompetanse når dei formulerer faglege problemstillingar, og når dei finn og kritisk bruker historisk materiale i refleksjon og argumentasjon til å konstruere historieforteljingar. Elevane utviklar og viser vidare kompetanse når dei presenterer ulike perspektiv på fortidige hendingar, og når dei reflekterer over korleis framstillingar av fortida blir brukte, og korleis fortida bidreg til å prege dei sjølve som menneske.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom munnlege, skriftlege og praktiske måtar å tileigne seg og vise kompetanse i faget på, og gjennom å la elevane få vere nysgjerrige og aktivt kunnskapssøkjande. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i historie. Elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i historie.

Standpunktavurdering

Standpunktavurderinga skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i historie ved avslutninga av opplæringa etter vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i

historie basert på kompetansen eleven har vist når eleven har brukt kunnskaper og ferdigheter i kombinasjon.

Kompetansemål og vurdering vg3 – påbygging til generell studiekompetanse for elever med samisk første- eller andrespråk eller kvensk eller finsk som andrespråk

Kompetansemål og vurdering vg3 – påbygging til generell studiekompetanse for elever med samisk første- eller andrespråk eller kvensk eller finsk som andrespråk

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over korleis fortida formar oss som menneske, og korleis fortolkningane våre av fortida er prega av notidsforståing og forventningar til framtida
- drøfte i kva grad utviklinga i ulike periodar har vore prega av brot eller kontinuitet, og vurdere kva som gjer ei hending i fortida betydningsfull
- reflektere over korleis fortida blir brukt i lokalmiljøet og av ulike aktørar, og drøfte formålet med denne historiebruken
- utforske fortida ved å formulere problemstillingar, finne, vurdere og bruke ulikt materiale og presentere eigne slutningar
- gjere greie for viktige endringar i korleis folk har skaffa seg mat og brukt naturressursar, og vurdere kva dette har betydd for folk og eit berekraftig samfunn
- gjere greie for korleis handel og økonomiske system har påverka maktforhold og liva til folk
- beskrive samfunnsendringar frå antikken til tidleg nytid og vurdere kva dei har betydd for fordeling og legitimering av makt og for folks moglegheiter til demokratisk deltaking
- beskrive kva plass religionen har hatt i samfunnet frå mellomalderen til vår tid, og vurdere kva han har betydd for korleis folk har oppfatta seg sjølve og andre
- gjere greie for tankar og ideologiar som har lege til grunn for politiske omveltingar frå opplysningstida til i dag, og vurdere kva dei har betydd for utviklinga av det moderne demokratiet
- reflektere over korleis teknologiske omveltingar frå den industrielle revolusjonen til i dag har endra folks liv og forma forventningar til framtida
- gjere greie for årsaker til at menneske har migrert, og diskutere kulturmøta sett frå ulike perspektiv
- gjere greie for årsaker til at kolonimakter la landområde under seg, og vurdere kva konsekvensar dette fekk
- beskrive bakgrunnen for verdskrigane og eit utval andre sentrale krigar eller konflikhtar på 1900-talet og reflektere over om fredsslutningane bidrog til å skape fred og forsoning

- utforske handlingsrommet og valmogleighetene til ein person i ein konfliktsituasjon og vurdere konsekvensar av vala personen har gjort
- reflektere over korleis ideologiar og tankesett på 1900-talet og fram til i dag har bidrege til undertrykking, terror og folkemord som holocaust
- analysere korleis framstillingar av fortida har blitt brukte i Noreg for å skape nasjonal identitet, og drøfte kva verknader dette har hatt for ulike grupper
- utforske korleis folk har arbeidd for myndiggjering og frigjering i norsk og samisk historie, og gjere greie for korleis dei samstundes har bidrege til utviklinga av demokratiet
- gjere greie for velferdsutviklinga i Noreg på 1900-talet og drøfte konsekvensar for folks liv

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane utviklar og viser kompetanse i historie på vg3 påbygging til generell studiekompetanse når dei bruker historiefaglege metodar og historiefagleg materiale for å finne svar, og når dei forstår folks utfordringar og handlingar i historiske kontekstar. Dei utviklar og viser òg kompetanse når dei formulerer faglege problemstillingar, og når dei finn og kritisk bruker historisk materiale i refleksjon og argumentasjon til å konstruere historieforteljingar. Elevane utviklar og viser vidare kompetanse når dei presenterer ulike perspektiv på fortidige hendingar, og når dei reflekterer over korleis framstillingar av fortida blir brukte, og korleis fortida bidreg til å prege dei sjølve som menneske.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom munnlege, skriftlege og praktiske måtar å tileigne seg og vise kompetanse i faget på, og gjennom å la elevane få vere nysgjerrige og aktivt kunnskapssøkjande. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i historie. Elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i historie.

Standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i historie ved avslutninga av opplæringa etter vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i historie basert på kompetansen eleven har vist når eleven har brukt kunnskapar og ferdigheiter i kombinasjon.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Vg3 studieførebuaende utdanningsprogram: Eleven skal ha én standpunktkarakter.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse: Eleven skal ha én standpunktkarakter.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for elever med samisk første- eller andrespråk eller kvensk eller finsk som andrespråk: Eleven skal ha én standpunktkarakter.

Eksamen for elever

Vg3 studieførebuaende utdanningsprogram: Eleven kan bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse: Eleven kan bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for elever med samisk første- eller andrespråk eller kvensk eller finsk som andrespråk: Eleven kan bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Vg3 studieførebuaende utdanningsprogram: Privatisten skal opp til munnleg eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse: Privatisten skal opp til munnleg eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse for elever med samisk første- eller andrespråk eller kvensk eller finsk som andrespråk: Privatisten skal opp til munnleg eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.